

Styre/råd/utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret	23.01.2023	07/23

Saksansvarleg: Per Dehli

Arkiv: FE-024, TI-&13

Arkivsaknr.: 22/6766

Evaluering av statsforvaltaren sin geografiske inndeling

Kommunedirektørens innstilling:

Midt-Telemark kommune legg fram svar på høyringa i saksomtala til denne saken.

23.01.2023 Kommunestyret

Behandling:

Kommunedirektør Per Dehli orienterte til saka.

Tilrådinga vart vedteke med 27 mot 1 røyst.

Fralegg frå Borgar Kaasa SP: Ein føreset at fleire fagavdelingar leggast til Telemark

Framleggget frå Borgar Kaasa SP vart vedteke med 18 mot 10 røyster som røysta mot framleggget.

KS- 07/23Vedtak:

Midt-Telemark kommune legg fram svar på høyringa i saksomtala til denne saken.

Ein føreset at fleire fagavdelingar leggast til Telemark.

Bakgrunn for saka:

Midt-Telemark kommune har motteke ei høyring om statsforvaltaren sin geografiske inndeling.

Høyringsbrev frå departementet med ein tilhøyrande rapport ligg med denne saka.

Frist for å svare på høyringa er 15. februar 2023.

Kommunestyret handsama ei sak om eventuell deling av Vestfold og Telemark fylkeskommune i møte 24. januar 2022. I denne saka vart statsforvaltaren også omtala i mindretallet sitt forslag. Denne saka er difor lagt ved denne saka.

I høyringsbrevet er dei anbefalingane rapporten kjem med lista opp, det er desse anbefalingane departementet ber høyringsinstansane vurdere. Det er er lagt til hjelpestørsmål knytt til tre anbefalingar. Departementet ber høyringsinstansane drøfte desse særskilt i lys av rapporten.

Desse spørsmåla er:

1. Kva fordelar og ulempar er det at et embete dekkar fleir fylke ?
2. Kva for omsym bør det leggast størst vekt på når ein skal vurdere strukturen på statsforvalterembeta ?
3. Korleis bør inndelinga vere for dei tre statsforvalterembeta som er råka av fylkesdeling ?

Departementet ber om høyringsinnspeil som er konsise og som visar til den numereringa som er oppgjeven i høyringsbrevet.

Saksomtale:

Det er Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) som har laga den vedlagte rapporten på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet. DFØ sine vurderingar og anbefalingar går fram av punkt 1.2 i den rapporten som er lagt ved.

Korleis ein vurderer rapporten sine anbefalingar og svarar på dei hjelpestørsmåla som er stilt, kan vera avhengig av kva for verdiar en legg til grunn i ulike politiske parti.

Kommunedirektøren vil gjere kommunestyret merksam på at han er ein av dei som har blitt intervjuat av gruppa i DFØ i samband med utarbeidning av denne rapporten, jf. punkt 11.4 i rapporten.

Kommunedirektøren legg til grunn at rapporten gir god innsikt i problemstillinga som ligg føre i denne høyringa.

Svar på høyringa:

Det er særleg to tilhøve rapporten frå DFØ tek opp:

1. behalde et styrka fagmiljø
2. ta omsyn til heile fylket

Midt-Telemark kommune foreslår at det etablerast ein statsforvaltar i kvart fylke med ein stab som kan handtere saker som gjeld fylket. For å behalde fagmiljøa som no er på plass kan desse organiserast som ein felles eining som begge statsforvaltarane kan nytte seg av. Ein form for matriseorganisering. Ei skisse er lagt ved denne saka.

Midt-Telemark kommune meiner at ein statsforvaltar for Telemark bør leggast til ein plass i fylket som kan rekruttere tilsette frå alle kommunane. Kommunen meiner Bø er eit godt utgangspunkt for ein slik plassering. Starategisk næringsplan for regionen peker på Bø som lokaliseringsplass for statlige arbeidsplasser.

Spørsmåla:

6. Fylkeskommunenes grenser bør ikke definere statsforvalterembetets grenser, men fylkenes yttergrenser bør følges slik at hvert fylke kan forholde seg til ett embete. Hjelpestørsmål: Hva er fordelar eller ulempar med at et embete dekker flere fylker?

Fordelen er at det kan byggast opp større og betre fagmiljø i dei avdelingane som er avhengig av det. Ulempa er at kjennskapen til heile fylket blir svekka. Det er skilnader på øvre Telemark og Vestfold, noko som truleg ligg bak delinga av fylket.

7. Statsforvalterstrukturen bør ikke endres tilbake til slik den var. Hjelpestørsmål: Hvilke hensyn bør tillegges størst vekt når man skal vurdere strukturen for statsforvalterembetene?

I den modellen som Midt-Telemark kommune foreslår kan ein ta omsyn til det å halde på eit sterkt fagmiljø, samstundes kan ein legge vekt på at statsforvaltaren kjenner eige fylke godt. Statsforvaltaren blir også representant for og i eit fylke, slik som Stortinget har vedtatt at fylkesinndelinga skal vere.

8. Dersom det skulle bli aktuelt å vurdere strukturen, må kostnader og nytte av ny inndeling vurderes grundig. Hvert embete bør vurderes for seg, der hensynet til rettssikkerhet og kvalitet på tjenestene må veie tungt. Hjelpestørsmål: Hvordan bør inndelingen være for de tre statsforvalterembetene som er berørt av fylkesdeling?

Midt-Telemark kommune meiner inndelinga for Vestfold og Telemark kan gjerast slik som det går fram i skissa som er lagt ved denne høyringa.

Ei slik organisering kan sikre god rekruttering til spesialiserte fagområde, samstundes kan omsynet til heile fylket bli tatt i vare.

Vedlegg:

13.01.2023	Statsforvalter - skisse til organisering	1523306
05.12.2022	Høring - Evaluering av statsforvalternes geografiske inndeling	1522137
05.12.2022	Høringsnotat - DFØ (2022). Færre og bedre - en evaluering av statsforvalterstrukturen	1522139
26.01.2022	Høring om eventuell deling av Vestfold og Telemark fylkeskommune	1456174